



STIFTELSEN CINEMATEKET I BERGEN
Georgernes verft 12
5011 BERGEN

Dato: 08.12.2016
Vår ref.: 2016/6677-46
Saksbehandlar: tonhaug
Dykkar ref.:

Att. Ole Petter Bakken

Tilskot til større kulturprosjekt med regional verdi - hausten 2016 - Underretting om tildeling

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til Større kulturprosjekt med regional verdi - hausten 2016.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 06.12.2016, politisk sak 168/16 vedteke å tildele dykk 50000 kr i ekstraordinær driftsstøtte 2016.

Grunngjeving:

Ved søknadsfristen 01.09.2016 var det kome inn 40 søknader. Samla søkesum var om lag 4 millionar kroner. Det er totalt 407000 kr til fordeling under Større kulturprosjekt med regional verdi - hausten 2016 i år. Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga, og med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritere strengt. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningslinjer.

Individuell grunngjeving: Det er gjort eit fellesløft for 2017 frå Norsk filminstitutt, Bergen kommune og HFK for å vidareutvikle Cinematekverksemda. For å løyse ein akutt vanskeleg situasjon for 2016 vert det her tilrådd omsøkt sum.

Lenk til saksframlegg: <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=430>

Vilkår for tilskotet - Oppfølging, rapportering og kontroll

- Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale mv skal det gjerast tydeleg at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgevar. Dokumentasjon av dette skal leggst ved rapport.
- Om ein har opne, publikumsretta arrangement er det ein føresetnad at tilskottsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal då ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- For fagleg oppfølging og vurdering må dei som søker om tilskot til arrangement på førespurnad kunne gje akkreditering til inntil 2 representantar frå Kultur- og idrettsavdelinga.
- Dei som får tilskot til publikasjonar må levere minimum 1 eks av denne til Hordaland fylkeskommune når denne er ferdigstilt.

- Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamarar for vurdering og godkjenning. Dersom prosjektet vert avlyst, utsett eller vesentleg endra, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.

Utbetaling

Kr 50.000,- vert overført til dykkar bankkontonr. 3624.07.40510 innan kort tid.

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Rapportering/rekneskap

Rapporten skal gje ein kortfatta skildring av:

- Når og kor tiltaket vart gjennomført og korleis dette vart gjort.
- Eventuelle avvik frå vilkåra med nærare grunngjeving.
- Eventuelle avvik frå søknadsgrunnlag (planar/budsjett) med grunngjeving
- Dersom rapport/rekneskap i samsvar med krava ikkje vert levert innan fristen vil det vere eit brot på vilkåra for tildelinga. At krava til rapportering og rekneskap er oppfylt vil også vere vesentleg med omsyn til vurderinga av eventuelle seinare søknader.

Det er viktig å merka rapporten med saksnummer 2016/6677.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka *Klage – saksnummer*. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar
utviklingssjef

Sakshandsamarar:

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.